Spesielle kontraktsføresegn

I dette dokumentet vil seljar av Omsorgsbustadane bli omtalt som «leverandøren», og Øygarden kommune som «Kjøpar».

HMS-kort
Alle arbeidstakarar skal bera lett synleg eit gyldig HMS-kort utskrive av Arbeidstilsynet. Ordrestadfesting, søknadsskjema ol. blir ikkje akseptert som HMS-kort. Arbeidstakarar som ikkje har slikt HMS-kort, skal bli vist vekk frå bygge- og anleggsplassen. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid på bygge- og anleggsplassen under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegn.

Pliktig medlemskap i leverandørregister
Leverandøren skal ved kontraktsinngåing oppgje StartBANK ID eller leggje fram kopi av registreringsbevis frå StartBANK eller tilsvarande leverandørregister som inneheld oppdatert og kontrollert leverandørinformasjon. Leverandøren skal gi leverandørregisteret fullmakt til å innhente SKAV-info (skatte- og avgiftsinformasjon) der tilsvarande informasjon kan utstedes i hele kontraktsperioden.

Krav om faglærde handverkarar
Ved utføring av kontraktarbeidet skal minimum 50 % av arbeidde timar innanfor bygg- og anleggsfaga (dei fag som omfattast av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk) samla utførast av personar med fagbrev, sveinebrev eller dokumentert fagopplæring i samsvar med nasjonal fagopplæringslovgiving eller utanlandsk fagutdanning der dette finnast. Det skal være fagarbeidarar i alle ovannemnde fag.

Kravet kan også oppfyllast ved at arbeidde timar er utført av personar som er under systematisk opplæring og er meldt opp etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 23-5, eller etter tilsvarande ordning i anna EU/EØS-land. I enkeltpersonføretak utan tilsette gjelder ovanståande krav for eigar.

Leverandøren skal ved oppstart, og på oppmoding under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere korleis kravet vil bli oppfylt. Ved kontraktavslutning skal det leggjast fram oversikt som viser at kravet er oppfylt. Timelister skal leggjast fram på oppmoding.

Kjøpar kan stanse arbeidet dersom det er grunn til å tro at vesentleg misleghald vil inntreffe. Før stans kan settast i verk, skal Kjøpar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om stans om så ikkje skjer.

Lærlingar
Det er eit krav at leverandørar er tilknytt ei lærlingordning og at ein eller fleire lærlingar deltek i utføringa av kontraktarbeidet innanfor bygg- og anleggsfaga, jf. forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar (FLO).

For denne kontrakten gjelder i tillegg følgjande:

Ved utføringa av kontraktarbeidet skal minimum 10 % av arbeidde timar innanfor bygg- og anleggsfaga samla (dei fag som omfattast av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk) utførast av lærlingar, jf. opplæringslova § 7-1. Kravet kan delvis oppfyllast ved at arbeidde timar er utført av personar som er under systematisk opplæring og er meld opp etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 23-2.

Kravet kan oppfyllast av leverandøren og ein eller fleire av hans underleverandørar.

Utanlandske leverandørar kan oppfylle kravet ved å bruke lærling frå ein lærlingordning i opphavslandet. Dersom opphavslandet ikkje har ein lærlingordning, kan kravet oppfyllast ved å bruke praksiselev frå ein opplæringsordning i opphavslandet.

Leverandøren skal ved oppstart, og på oppmoding under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere korleis krava vil bli oppfylt. Ved kontraktsavslutning skal det leggjast fram oversikt over tal lærlingtimar. Timelister skal leggjast fram på oppmoding. I den grad manglande oppfylling av kravet til lærlingdeltaking på kontrakten skyldast forhold som omfattast av unntaket i FLO § 9, skal kravet heilt eller delvis sjåast som oppfylt.

Kjøpar kan holde tilbake inntil 5 promille av kontraktssummen dersom det er grunn til å tro at misleghald vil inntreffe. Før tilbakehalding kan settast i verk, skal Kjøpar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehalding om så ikkje skjer. Dersom kravet ikkje er oppfylt ved overtakelsen avkortast vederlaget forholdsmessig med inntil 5 promille av kontraktssummen

Kjøpar kan heve kontrakten dersom det ligg føre vesentleg misleghald eller det er klart at vesentleg misleghald vil inntreffe. Før heving kan settast i verk, skal Kjøpar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om heving om så ikkje skjer.

Rapporteringsplikt til Oppdrags- og arbeidsforholdsregisteret (OAR)
Kontrakt gitt til utanlandsk leverandør eller underleverandør, og alle arbeidstakarar på slik kontrakt, skal rapporterast til Skatteetaten i samhøve med lov om skatteforvaltning § 7-6.

Leverandøren er ansvarleg for at slik rapportering skjer nedover i kontraktskjeden. Leverandøren skal på førespurnad dokumentere at rapporteringsplikta er oppfylt ved kopi av innmeldingsskjema eller kvittering frå Altinn.

Eventuelt ansvar for lovbrotsgebyr eller tvangsmulkt ilagt Kjøpar som følgje av at leverandøren ikkje har overhaldt sine forpliktingar etter dette punktet er leverandørens ansvar og skal betalast av ham.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten med leverandørar som omfattast av lov om skatteforvaltning § 7-6, skal innehalde tilsvarande føresegn.

Internkontroll. Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)
Leverandøren skal følgje gjeldande arbeidsmiljølov med tilhøyrande forskrifter.. Leverandøren plikter å ha et internkontrollsystem iht. forskrift om systematisk helse- miljø og sikkerheitsarbeid i verksemder.

Leverandøren har i prosjektet rolla som byggherre og skal ivareta alle plikter som byggherre etter forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (byggherreforskriften).

Med mindre anna er avtalt, skal all kommunikasjon mellom nøkkelpersonar i prosjektet skje på norsk. Leverandøren skal sørgje for at arbeidstakarane han og eventuelle underleverandørar nyttar kan kommunisere på en slik måte at manglande kommunikasjon ikkje utgjer ein sikkerheitsrisiko. For å unngå at det skjer ulykker fordi ikkje alle forstår informasjonen som blir gitt, gjeld følgjande:

- Minst éin av det utførande personell på kvart arbeidslag skal kunne forstå og gjere seg forstått på norsk eller engelsk. Dersom fleire utfører oppdrag saman, skal vedkommande i tillegg forstå og gjere seg forstått på eit språk alle de andre på arbeidslaget forstår og kan gjere seg forstått på.

- Alle på byggeplassen skal forstå SHA-plan, sikkerheitsopplæring, HMS-rutinar, verneprotokoller, sikkerheitsinstruksar, SJA, sikkerheitsdatablad, bruksrettleiing for verktøy og arbeidsutstyr, varselskilt mv. Materialet skal finnast på det språk vedkommande arbeidstakar brukar som morsmål, så lenge arbeidstakaren ikkje forstår informasjonen fullt ut på norsk eller engelsk.

Kjøpar kan heve kontrakten dersom det føreligg vesentleg misleghald eller det er klart at vesentleg misleghald vil inntreffe. Før heving kan settast i verk, skal Kjøpar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om heving om så ikkje skjer.

Der slikt misleghald består i stadige brot på pliktane, kan Kjøpar heve sjølv om leverandøren retter tilhøva. Kjøpar kan på same måte krevje at leverandøren skifter ut underleverandørar. Dette skal skje utan kostnad for Kjøpar.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten på bygge- og anleggsplassen skal innehalde tilsvarande føresegner.

Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette og tilsette hjå underleverandørar (herunder innleigde) som direkte medverkar på kontrakten, har løns- og arbeidsvilkår i henhold til:

- Forskrift om allmenngjort tariffavtale der denne kommer til bruk.
- Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter av 8. februar 2008 der denne kommer til bruk. På områder som ikkje er omfatta av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkåra være i samsvar med landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje. Med lønns- og arbeidsvilkår meinast føresegner om minste arbeidstid, lønn, herunder overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgiftar til reise, kost og losji, i den grad slike føresegner følgjer av tariffavtalen.

Leverandøren plikter på skriftleg førespurnad med ein rimeleg frist å dokumentere lønns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar og arbeidstakarar hjå eventuelle underleverandørar (herunder innleigde). Dette gjeld berre for arbeidstakarar som direkte medverkar på kontrakten.

Opplysningane skal dokumenterast ved blant anna kopi av arbeidsavtale, lønnsslipp, timelister og arbeidsgjevar sin bankutskrift. Dokumentasjonen skal være på personnivå og det skal gå fram kven den gjeld.

Ved brot på krava til lønns- og arbeidsvilkår skal leverandøren utan ugrunna opphald rette forholdet. Der brotet har skjedd hjå ein underleverandør (herunder bemanningsselskap) er rettingsplikten avgrensa til krav som er fremma skriftleg innan tre månader etter lønnens forfallsdato, både for krav som følgjer av allmenngjort tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkår og avgrensingar som følgjer av lov om allmenngjering av tariffavtaler m.v. av 4. juni 1993 § 13 skal gjelde i begge disse tilfella.

Kjøpar har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarande ca. to gongar innsparinga for arbeidsgivaren dersom det føreligg misleghald av dokumentasjonsplikten eller misleghald av krava til lønns- og arbeidsvilkår. Før tilbakehalding kan settast i verk, skal Kjøpar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehalding om så ikkje skjer. Dersom misleghaldet ikkje rettast innan fristen, avkortast vederlaget tilsvarande.

Kjøpar kan skriftleg heve kontrakten ved vesentleg misleghald av dokumentasjonsplikten eller av krava til lønns- og arbeidsvilkår hos leverandøren, sjølv om leverandøren retter forholda. Dersom det vesentlege misleghaldet har skjedd i underleverandørleddet (herunder bemanningsselskap), kan Kjøpar på same måte krevje at leverandøren skifter ut underleverandørar. Dette skal skje utan kostnad for Kjøpar.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegner.

Bruk av underleverandørar, herunder innleigd arbeidskraft frå bemanningsføretak
Leverandøren kan ikkje ha fleire enn tre ledd underentreprenørar i kjedene under seg, jf. anskaffelsesforskriften § 19-3. Grunngjevinga for at Kjøpar i dette prosjektet tillèt at leverandøren har tre ledd i leverandørkjeden under seg, heng saman med at leverandøren har rolle som byggherre i prosjektet, og det då er behov for å opne for eitt ekstra ledd for å sikre tilstrekkeleg konkurranse.

Kjøpar kan stanse eller heve kontrakten dersom det føreligg vesentleg misleghald eller det er klart at vesentleg misleghald vil inntreffe. Før stans eller heving kan settast i verk, skal Kjøpar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om stans eller heving om så ikkje skjer

Leverandørens bruk av enkeltpersonføretak skal grunngjevast skriftleg. Bruk av bemanningsselskap skal varslast Kjøpar og er underlagd arbeidsmiljøloven, herunder kravet om likebehandling i § 14-12a. Kjøpar kan berre nekte bruk der han har sakleg grunn.

Ved inngåing av kontraktar om underentreprise som overstig ein verdi på kr 500.000 eks. mva skal leverandøren innhente skatteattest, jf. forskrift om offentlige anskaffelser. Frå underentreprenørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Norge, skal det innhentast tilsvarande attest. Leverandøren skal på førespurnad frå Kjøpar leggje fram skatteattesten.

Dersom attesten ikkje blir lagt fram eller viser restansar som ikkje er ubetydelege, kan Kjøpar krevje at underentreprenøren blir skifta ut utan kostnad om forholdet ikkje rettast innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel, med varsel om krav om utskifting om så ikkje skjer.

Krav om betaling til bank

Lønn og annan godtgjersle til leverandørens eigne tilsette, tilsette hjå underleverandørar og innleigde som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, skal utbetalast via bank eller anna føretak med rett til å drive betalingsformidling.

Leverandøren plikter på skriftleg førespurnad med ein rimeleg frist å dokumentere oppfylling av kravet, blant anna ved kopi av bankutskrift frå leverandøren som viser at lønn og annan godtgjersle er utbetalt til arbeidstakarens konto. Dokumentasjonen skal være på personnivå og det skal gå fram kven den gjeld.

Ved brot på kravet om betaling via bank mv. skal leverandøren sørge for retting ved at kontantbetaling straks opphøyrer.

Kjøpar har rett til å holde tilbake eit beløp tilsvarande ca. to gonger det beløpet som er utbetalt kontant i strid med kontraktens føresegner. Før tilbakehalding kan settast i verk, skal Kjøpar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehalding om så ikkje skjer. Tilbakehaldsretten opphøyrer så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert. Dersom kravet ikkje er retta innan overtakelsen avkortast vederlaget tilsvarande.

Vesentlig misleghald av kravet om betaling av lønn og annan godtgjersle via bank mv., herunder dokumentasjonsplikten, kan påberopast av Kjøpar som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren retter forholda. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (herunder bemanningsselskap), kan Kjøpar krevje at leverandøren skifter ut underleverandørar. Dette skal skje utan omkostningar for Kjøpar.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegner.

Obligatorisk tenestepensjon (OTP)

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette, tilsette hos underleverandørar (herunder innleigde) som direkte medverker til å oppfylle kontrakten, har obligatorisk tenestepensjon i samsvar med lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Leverandøren plikter på skriftleg førespurnad med ein rimeleg frist å dokumentere at alle arbeidarar som medverker til å oppfylle kontrakten og som faller inn under ein obligatorisk tenestepensjonsordning, er innmeldt i ei slik ordning. Dokumentasjonen kan inkludere kopi av signert avtale med pensjonsinnretning som viser at leverandøren og/eller underleverandøren har inngått gyldig avtale om OTP-ordning samt dokumentasjon, for eksempel i form av faktura mv., som viser at arbeidstakarar som direkte medverker til å oppfylle kontrakten er innmeldt i OTP-ordninga.

Ved brot på kravet til obligatorisk tenestepensjon skal leverandøren rette forholdet.

Kjøpar har rett til å holde tilbake eit beløp tilsvarande ca. to gonger innsparinga for arbeidsgjevaren inntil brot på krav til obligatorisk tenestepensjon er dokumentert retta. Før tilbakeholdelse kan iverksettes, skal Kjøpar skriftlig ha gitt leverandøren en rimelig frist til å rette forholdet, med varsel

om tilbakeholdelse om så ikke skjer. Dersom
kravet ikke er rettet innen overtakelsen avkortes vederlaget tilsvarende.

Vesentleg misleghald av kravet til obligatorisk tenestepensjon, herunder dokumentasjonsplikten hos leverandøren, kan påberopast av Kjøpar som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren
retter forholda. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (herunder bemanningsselskap), kan Kjøpar krevje at leverandøren skifter ut underleverandørar. Dette skal skje utan omkostingar for Kjøpar.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten
skal inneholde tilsvarande føresegner.

Misleghald av kontraktsforpliktingar - konsekvensar for seinare konkurransar
Brot på pliktene i denne kontrakten vil bli nedteikna og kan få betydning i seinare konkurransar, enten i kvalifikasjons- eller tildelingsomgangen i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegner.

Revisjon
Kjøpar, eller ekstern revisor engasjert av Kjøpar, kan gjennomføre revisjon hjå leverandøren og eventuelle underleverandørar i perioden frå kontraktsinngåing til sluttfaktura er betalt for å undersøke om kontraktens krav blir oppfylt. Denne åtgangen omfattar også kontraktar og dokumentasjon i underliggjande ledd. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegn.